

2018

Årsmelding fylkesrådet for eldre



Fylkesrådet for eldre
Sogn og Fjordane fylkesskommune
20.12.2018

Innhold

Rolle og funksjon i valperioden 2015–2019	2
Handlingsprogram 2016–2019	2
Aktivitetsåret 2018.....	2
Vestlandskonferansen 7. – 8. mai – Loen.....	3
Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar	4
Vedlegg – uttalar frå fylkesrådet for eldre.....	5
Høyringsuttale frå fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane til pilot primærhelseteam – høyring av endringar i regelverket for å gjennomføre piloten.....	5
Høyringsuttale til regional strategi for senterstruktur og tettstadutvikling	5
Høyringsuttale frå fylkesrådet for eldre til regional plan for klimaomstilling	5
Høyringsuttale frå fylkesrådet for eldre til regional strategisk plan for kysten 2018 – 2029	6
Fylkesråd for eldre i Vestland fylkeskommune – brev til fellesnemnda for Vestland fylkeskommune	6
Høyringsuttale frå fylkesrådet for eldre til regional plan for kultur	7
Uttale frå fylkesrådet for eldre til «Revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter».	7
Uttale frå fylkesrådet for eldre til høyring om endringar i regelverket for å gjennomføre piloten primærhelseteam.....	7
Storbykonferansen for eldreråds uttale om fri tannbehandling og eigenandel.....	8
Uttale om sentralisering av trafikkstasjonane i fylket	8

Rolle og funksjon i valperioden 2015–2019

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen i saker som vedkjem dei eldre. Fylkesrådet for eldre skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekår for eldre. Rådet kan òg på eige initiativ ta tak i saker som eldrerådet meiner bør setjast på dagsorden. I møte i fylkesutvalet 4. november 2015 i sak 109/15: Val av medlemer til nemnder o.a. vart fylgjande valt for perioden 2015 – 2019:

Medlem: Henrik Oppen (Ap)

Varamedlem: Gunn Åmdal Mongstad (Sp)

Medlem: Anna Sofia Skaar (Pensjonistforbundet)

Varamedlem: Kolbjørn Kastet (Pensjonistforbundet)

Medlem: Harald Ekroll (Postpensjonistane)

Varamedlem: Arne Rognaldsen (Postpensjonistane)

Medlem: Kristoffer Skjolden (Pensjonistutvalet i Fagforbundet)

Varamedlem: Astrid Martinsen (Pensjonistutvalet i Fagforbundet)

Medlem: Aud Karin Netland (Utdanningsforbundet)

Varamedlem: Per-Atle Holmøyvik (Utdanningsforbundet)

Fylkesrådet for eldre konstituerte seg sjølve i møte 2. februar 2016:

Harald Ekroll - leiar

Anna Sofia Skaar - nestleiar

Fylkeskommunale og kommunale eldreråd er lovpålagt gjennom *Lov om eldreråd i fylkeskommunar og kommunar* av 8. november 1991. Lova vart sist endra 15. juni 2007. Meir detaljar om lova finn de her: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1991-11-08-76>

Handlingsprogram 2016–2019

Fylkesrådet for eldre starta på arbeidet i 2016 med å utarbeide ein handlingsplan for perioden 2016 – 2019. Handlingsprogrammet var ferdig første kvartal 2017.

Handlingsprogrammet er lagt ut på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune her: [Handlingsprogram fylkesrådet for eldre 2016 – 2019](#)

Aktivitetsåret 2018

Fylkesrådet for eldre gjennomførte 4 rådsmøter og handsama 8 saker i 2018. I desse rådsmøta vart det i tillegg drøfta relevante problemstillingar og handsama til saman 28 skriv og meldingar.

Fylkesrådet for eldre har i staden for ein stor fylkeskonferanse valt å ta opp ulike tema i avgrensa område i fylket.

6. februar i Storehagen Atrium, Førde; der Frank Tore F Tveit orienterte om fagområdet folkehelse.

7. mai var møte i Loen i samband med Vestlandskonferansen.

20. september var møte på Fylkeshuset, Leikanger; der Ole Inge Gjerald frå prosjektsekretariatet til Vestland fylkeskommune, orienterte om regionreforma.

13. november var møte på Fylkeshuset, Leikanger; der Kristin Skogli frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane orienterte om kvalitetsreforma for eldre «Leve hele livet».

Vestlandskonferansen 7. – 8. mai – Loen

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane hadde dette året ansvaret for å arrangere Vestlandskonferansen. Konferansen vart lagt til Loen, der det var tema innan velferdsteknologi, ernæring og livskvalitet.

Utval av programpostar og innleiarar som var på Vestlandskonferansen:

- Morgondagens omsorg – velferdsteknologi – korleis vi har møtt kravet til opplæring i Sogn og Fjordane v/Stryn vidaregåande skule
- Velferdsteknologi – kva fagområde utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane jobbar med v/leiari for utviklingssenteret Marta Strandos
- Omlegging av matrutinane ved Lærdal bu- og omsorgsheim v/kommunalsjef Arne Johansen
- Mat som medisin – god tilpassa ernæring gjennom maten v/kjøkkensjef i Gloppen kommune Gunnvor Sunde
- Livsglede – om livskvalitet, begeistring og aldring v/Eva Marie Halvorsen



Ordførar Sven Flo orienterer om Stryn



Marta Strandos orienterer om velferdsteknologi



Kjøkkensjef i Gloppen kommune Gunnvor Sunde og leiari for fylkesrådet for eldre, Harald Ekroll

Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar

- Landskonferansen 2. – 4. juni i Tromsø, der Harald, Anna Sofia, Henrik og Aud Karin deltok på konferansen. Det var fylgende tema på konferansen: Tromsøundersøkinga, informasjon frå Statens seniorråd, informasjon om reforma «Leve hele livet», helsefremjande og førebyggande tiltak, yngre og eldre brukarar av helsetenester – ulike behov eller forskjellsbehandling. Elles så var det erfaringsutveksling mellom fylkesråda, tur til Sommarøy og omvising ved Heracleum bo- og servicesenter.
- Samling arrangert av Fylkesmannen om reforma «Leve hele livet» 28. – 29. november, der Harald og Aud Karin møtte. Dette er ei kvalitetsreform for eldre og har høg prioritet i 2019.
- Møte i Sogndal 28. mai, for dei kommunale eldreråda i Sogndal, Leikanger og Balestrand, der Harald deltok på møte.
- Konferanse om den kulturelle spaserstokken i januar i Førde, der Harald deltok.
- Regionalt seminar om velferdsteknologi i januar i Førde, der Anna Sofia deltok.

Vedlegg – uttalar frå fylkesrådet for eldre

Høyringsuttale frå fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane til pilot primærhelseteam – høyring av endringar i regelverket for å gjennomføre piloten

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane har følgjande innspel til høyringa:

- *Vi ser det som positivt at dei som treng det mest kan få tettare oppfølging, ved at teamorganiseringa vil betre tilgjengelegheta til tenesta, skape større breidde i tilbodet, betre opplæringa og oppfølginga av brukarar med kronisk sjukdom. Samtidig som det vert skapt meir samanhengande og koordinerte tenester*
- *Korleis er det med brukarmedverknad i piloten? Vi ser det som ein fordel at brukarane bør få kome med tilbakemeldingar i utprøvings-/oppfølgingstida*
- *Vi ser det slik at driftstilskotmodellen er å føretrekke, sidan dette vert enklare å handtere og betre for brukarane*
- *Honorarmodellen ser vi som uoversiktig og vanskeleg å handtere for aktørane. Vil dette koste meir i administrative opplegg? Kan den føre til at fleire kjem opp i maksimum eigenandel slik at frikortet slår inn?*

Høyringsuttale til regional strategi for senterstruktur og tettstadutvikling

- *Fylkesrådet for eldre meiner dette er ein god strategi og det er mykje bra som er omtala i strategien. Vi støttar det som er omtalt om å utvide BAS-områda.*
- *I avsnittet om retningslinjer for arealbruk:
 - *Fylkesrådet meiner det kunne vore skrive meir i strategien som omfattar universell utforming i tettstadar. Godt tilrettelagte tettstader må vere universelt utforma, slik at alle enkelt kan ta del i samfunnet.**
- *Under avsnittet om retningslinjer for planprosess, kulepunkt 3, har fylkesrådet for eldre ynskje om at dei eldre vert nemnde, i tillegg til dei andre gruppene som er omtalt*

Høyringsuttale frå fylkesrådet for eldre til regional plan for klimaomstilling

Fylkesrådet for eldre er positive til at ein skal ha klimavennlege løysingar. Fylkesrådet ser på det som sjølv sagt at klimavennlege løysingar og skal vere universelt utforma og inkludere alle. Det må vere mogleg å bruke dei nye klimavennlige løysingane for alle.

For å nå den nasjonale sykkelstrategien om å auke andelen gåande og syklande med 8 prosent innan 2023, er det viktig at etter kvart som nye vegar vert bygde, må det samtidig byggast ut med gang- og sykkelvegar, slik at ein ikkje vert tvungen til å bruke biltransport for å kome til butikk eller reise på fritidsaktivitetar.

Vi ser det som viktig i omlegginga til å bruke fornybar energi eller gjere endringar i gamle bustader, er dette avhengig av gode omleggingstilskot eller rimelege lån. Ei meir rettferdig nettleige for straum vil vere eit godt bidrag.

Høyringsuttale frå fylkesrådet for eldre til regional strategisk plan for kysten 2018 – 2029

Fylkesrådet for eldre, dei kommunale råda og brukarorganisasjonane må involverast slik at eldre vert ivaretekne. Dette gjeld spesielt i samband med strategiområda; etablere eit kystråd og knyte saman kysten med betre infrastruktur. Det er viktig med brukarmedverknad. Vi er oppteken av at planen tek i vare universell utforming.

Samarbeid om betre samferdsle er viktig, for å få til ein betre infrastruktur og å få folk til å bu i kystnære område.

Fylkesråd for eldre i Vestland fylkeskommune – brev til fellesnemnda for Vestland fylkeskommune

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane og Hordaland viser til skriv og melding som vart handsama i fellesnemnda 4. mai, vedlegg om politisk organisering – diskusjonsgrunnlag og vidare prosess. Vi ser at strukturen for underutval, komitear og råd skal leggast fram for fellesnemnda i 3. kvartal 2018. I samband med fastsetting av råd ser vi det som naturleg at fylkesråda for eldre i dei to fylkeskommunane får delta i arbeidet med utforminga av strukturen for korleis fylkesrådet for eldre skal vere i Vestland fylkeskommune.

2.2 Struktur for underutval, komitear, råd m.m. (fase 2)

Etter at hovudutvalsstrukturen er fastsett, legg fylkesrådmennene opp til at fellesnemnda skal fastsette struktur for underutval, komitear, råd m.m. Fase 2 med forslag til fastsetting av andre politiske organ (underutval, råd m.m.) vert lagt fram fellesnemnda 3. kvartal 2018. Det er ulike typar underutval, som kort kan kategoriserast på følgjande måte:

Lovpålagte organ

Med grunnlag i kommunelova og andre særlover er fylkeskommunane pålagde å opprette følgjande utval og råd:

- Kontrollutval
- Administrasjonsutval
- Råd for funksjonshemma
- Råd for eldre
- Fylkesvalstyre
- Fagskulestyre
- Yrkesopplæringsnemnd
- Klagenemnd - fagskulestyret

Faste underutval

Fylkestinget kan opprette faste underutval til fylkeskommunale føremål eller deler av den fylkeskommunale verksemda. Fylkestinget fastset sjølv området for verksemda til dei faste underutvala, og kan tildele avgjerdsmynde i saker dersom ikkje anna følger av lov. Døme på slike faste underutval er:

- Finansutval
- Planutval
- Trafikksikringsutval

Vi ber om at førespurnaden vår vert lagt fram i skriv og melding i fellesnemnda 22. juni 2018.

Helsing

Harald Ekroll

Leiar fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane

Gunda Falao Sparre

Nestleiar fylkesrådet for eldre i Hordaland

Høyringsuttale frå fylkesrådet for eldre til regional plan for kultur

Fylkesrådet for eldre er positive til høyringsutkastet. Vi ser at de har teke med omtale om dei eldre på fleire stader i planen; samfunnet skal legge til rette for universell utforming på alle områder (inkludert reisetilbod) og den kulturelle spaserstokken er omtalt.

Vi skulle ynskje at de kunne ha omtalt seniordans, sidan har inntrykk av at dette er ein stor aktivitet for dei eldre.

Uttale frå fylkesrådet for eldre til «Revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter».

Føremålet og måla som er skissert i planprogrammet ser greitt ut. I medverknadsprosessen er det viktig å få med alle grupper som bør bli høyrt. I eit eldreperspektiv kan lokale høyringsmøter vere viktige for å nå ut med informasjon. For å nå ut til lag og organisasjonar, kan korte samandrag og enkle problemstillingar til diskusjon, vere ein måte å engasjere på. Vi ser at kapittelet «utgreiingsbehov i planprosessen» bør gje den naudsynte kunnskapen. Det er nemnt tilrettelegging for kollektivtransport, syklande og gåande, men det er i tillegg viktig med parkeringsplassar. Punkta under konsekvensutgreiing, vil kunne gje eit godt grunnlag for ein differensiert og funksjonell regional plan for lokalisering av handel og kjøpesenter.

Dei eldre lev stadig lenger og er meir aktive enn før. For eksempel så køyrer dei bil lenger og dei nye moglegitetene med el-syklar gjer dei i stand til å ferdast meir enn tidlegare. Ved planlegging av lokalisering av handel og kjøpesenter er det viktig med gode gang-/ og sykkelvegar, gode og romslege parkeringstilhøve og god offentleg transport for dei gruppene som treng det. Samtidig er det viktig å ha fokus på belysning og snørydding. Det er ynskje om tilrettelagte sitjepllassar både ute og inne.

Universell utforming må gå igjen i alt planarbeid. Herunder med moglegheit for opphold og tilgang for alle.

Det bør vurderast om det er andre stader i fylket som bør kome med under punktet «senter i BAS regionar».

Uttale frå fylkesrådet for eldre til høyring om endringar i regelverket for å gjennomføre piloten primærhelseteam

Fylkesrådet for eldre vedtok følgjande uttale i møte 6. februar:

- Vi ser det som positivt at dei som treng det mest kan få tettare oppfølging, ved at teamorganiseringa vil betre tilgjengelegheta til tenesta, skape større breidde i tilbodet, betre opplæringa og oppfølginga av brukarar med kronisk sjukdom. Samtidig som det vert skapt meir samanhengande og koordinerte tenester
- Korleis er det med brukarmedverknad i piloten? Vi ser det som ein fordel at brukarane bør få kome med tilbakemeldingar i utprøvings-/oppfølgingstida
- Vi ser det slik at driftstilkotmodellen er å føretrekke, sidan dette vert enklare å handtere og betre for brukarane
- Honorarmodellen ser vi som uoversiktleg og vanskeleg å handtere for aktørane. Vil dette koste meir i administrative opplegg? Kan den føre til at fleire kjem opp i maksimum eigenandel slik at frikortet slår inn?

Storbykonferansen for eldreråds uttale om fri tannbehandling og eigenandel

Fylkesrådet for eldre vedtok å møte 20. september å slutte seg til storbykonferansen for eldreråds uttale om fri tannbehandling og eigenandel. Uttalen fra storbykonferansen var følgjande:

«Tennene er en del av kroppen. Tannbehandling er dyrt, selv for små inngrep. Derfor unnlater mange eldre å gå til tannlegen, noe som igjen kan gi alvorlige tannproblemer. Dette blir en fysisk og ikke minst en psykisk belastning.

- *Tanner og tannhelse er en del av det totale helsebildet. Grupper av eldre får i dag fri tannbehandling. Det må gjøres gradvis tilnærming slik at alle pensjonister omfattes av ordningen med fri tannbehandling, og går inn i den generelle egenandsordningen.*
- *I tillegg må det gjøres tannpleie hos eldre på syke- og aldershjem, og for eldre som får tjenester fra hjemmesykepleien etter vedtatte lover. Disse gruppene må også ha rett til å velje/beholde egen tannlege.*
- *God tannhelse gir god livskvalitet».*

Uttale om sentralisering av trafikkstasjonane i fylket

Fylkesrådet for eldre vedtok følgjande uttale i møte 13. november:

- *Fylkesrådet for eldre ser det som naudsynt at det i fortsetjinga vert ein trafikkstasjon i kvar del av Sogn og Fjordane slik som det er pr.no. Om det vert reduksjon i tal trafikkstasjonar vil dette gå utover dei som må fornye førarkortet ofte; dei eldre.*